

## Årsberetning og Årsrekneskap 2019.pdf

### Signers:

Name	Method	Date
Ersdal, Tor Albert	BANKID	2020-04-06 12:24 GMT+2
Gjemdal, Eivind	BANKID	2020-04-06 14:08 GMT+2
Hansen, Erik Magne	BANKID_MOBILE	2020-04-06 14:57 GMT+2
Nilssen, Herlof	BANKID	2020-04-06 16:01 GMT+2
Klausen, Olav Godtfred	BANKID_MOBILE	2020-04-07 11:11 GMT+2
Varden, Arve	BANKID_MOBILE	2020-04-08 13:20 GMT+2
Gjesdal, Clara Beate Gram	BANKID	2020-04-12 16:37 GMT+2
Midttun, Ørjan	BANKID	2020-04-14 10:27 GMT+2
Hoell, Stian	BANKID_MOBILE	2020-04-15 09:36 GMT+2
Krogstad, Beate Sander	BANKID_MOBILE	2020-04-20 08:37 GMT+2
Sjøtun, Agnete Waldine Honningsvåg	BANKID	2020-04-24 11:52 GMT+2
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	BANKID_MOBILE	2020-05-05 14:24 GMT+2



#### This document package contains:

- Front page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



# ÅRSREKNESKAP 2019



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



# INNHOLDSLISTE

Visjon og foretningsidé	4
Styringsbodskap og målsetningar	5
Leiargruppa	6
Organisasjonskart	7
Årsberetning	8
Resultatrekneskap 2019	16
Balanserekneskap 2019	17
Kontantstraumoppstilling 2019	20







## OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

## NØKKELTAL

Antall tilsette	596
Omsetning	kr. 1 152 200 000
Antall system	998
Antall brukere	35 982
Antall lokasjoner	140

## KONTAKT

Ibsens gate 104  
5052 BERGEN

55 97 65 00  
postmottak@helse-vest-ikt.no  
www.helse-vest-ikt.no  
Org.nr: 987 601 787



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



## VISJON

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandligna.

### FORRETNINGSIDÉ

- Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.



*Styret i Helse Vest IKT. OBS: Biletet vert bytta ut med eit nytt og oppdatert bilete av styret under styremøtet 19. mars*

### STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

## OVERORDNA MÅLSETTINGAR

HELSE VEST IKT HAR EIN TODELTE FUNKSJON. SELSKAPET SKAL:

### 1) PRODUSERE IKT-TENESTER

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.

### 2) BIDRA TIL INNOVATIV BRUK AV IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandligna i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.





# LEIARGRUPPA



## FREDRIK ELDØY

Avd. leiar  
IKT-fagsenter

Sivilingeniør i tele-  
matikk frå NTNU.  
Tidlegare arbeid på UiB  
og hos EDB Business Con-  
sulting.



## LEIF NORDLAND

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handels-  
høgskulen i Bodø.  
Tidlegare økonomi-  
sjef i Hummervoll AS og  
rekneskapsjef i Helse  
Bergen.



## GEIR GRANERUD

Avd. leiar  
Innovasjon og  
arkitektur

Bachelor i International  
Business.  
Tidlegare CIO i Mirror  
Accounting og prosjekt-  
leiar i Helse Vest IKT



## ERIK M. HANSEN

Administrerande  
direktør

Hovudfag i Informatikk  
frå UiB. Tidlegare forskar/  
forskningsleiar ved CMR, og  
IKT-direktør ved Hauke-  
land Universitetssjukehus.



## VIDAR RÅHEIM

Avd. leiar  
Regionalt  
EPJ-fagsenter

Master i helse og sosialin-  
formatikk. Sjukeleiarbak-  
grunn frå Psykiatrisk kli-  
nikk, Medisinsk divisjon og  
Fag- og foretaksutvikling i  
Helse Stavanger.



## HARALD FLATEN

Avd. leiar  
Teneste-produksjon

Elektronikkingeniør frå  
NKIs Ingeniørhøgskule i  
Bergen. Tidlegare drift-  
singeniør i Televerket og  
driftsleiar for IT- avdelinga  
ved Sentralsjukehuset i  
Førde.



## GJERTRUD FAGERLI

Avd. leiar  
Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdan-  
ning frå NHH og BI. Har tid-  
legare arbeid i Accenture,  
Telenor og EDB Business  
Partner.



## ØRJAN ANDERSEN

Avd. leiar  
Tenesteutvikling

Hovudfag i Informasjons-  
vitskap frå UiB. Tidlegare  
konsulent i PWC og rådgje-  
var og prosjektleiar i Helse  
Bergen.



# ORGANISASJONSKART

**ADMINISTRERANDE DIREKTØR**  
Erik W. Hansen

**ØKONOMI OG HR**  
Økonomisjef  
Leif Nordland

<b>ARKITEKTUR, PORTEFØLJE OG INNOVASJON</b> Avald/Ingsleiar Geir Granerud	<b>VERKSEMDSUTVIKLING</b> Avald/Ingsleiar Gjertrud Fagerli	<b>TEMESTEUTVIKLING</b> Avald/Ingsleiar Ørjan Andersen	<b>REGIONALT EPI FAGSENTER</b> Avald/Ingsleiar Vidar Røheim	<b>IKT-FAGSENTER</b> Avald/Ingsleiar Fredrik Eldøy	<b>TENESTEPRODUKSJON</b> Avald/Ingsleiar Harald Flaten *
<b>ARKITEKTUR OG LØYSINGSDESIGN</b> Tor Heland Kleppe	<b>INTEGRASJON</b> Seksjonsleiar Steinar Hamre	<b>JOURNALSYSTEM</b> Seksjonsleiar Prøde Nilssen	<b>SAMHANDLING</b> Seksjonsleiar Eli Johannessen	<b>KUNDESENTER</b> Seksjonsleiar Thomas Travn	<b>APPLIKASJONSDRIFT</b> Seksjonsleiar Christen Olav Dale
<b>PORTEFØLJE- OG ARKITEKTURSTYRING</b> Monica Granli	<b>UTVIKLING</b> Seksjonsleiar Magnild Viste	<b>KLINISKE SYSTEM</b> Seksjonsleiar Margunn Pile Torpe	<b>FELLES LØYSING</b> Seksjonsleiar Johann S. Lindaber	<b>DRIFTSSENTER</b> Seksjonsleiar Per Espelid Ertsland	<b>KLENTDRIFT</b> Seksjonsleiar Prøde Langeland
<b>INNOVASJON</b> Seksjonsleiar Hilde Alvselke	<b>STYRINGSDATA</b> Seksjonsleiar Kristin Faresvæit	<b>ADMINISTRATIVE SYSTEM</b> Seksjonsleiar Odny Sønnesyn	<b>APPLIKASJONSSTØTTE</b> Seksjonsleiar Elisabeth Skjelle Larsen	<b>SERVER OG LAGRING</b> Seksjonsleiar Anders Fredriksen	<b>SERVER OG LAGRING</b> Seksjonsleiar Anders Fredriksen
	<b>PROSJEKTLEIING</b> Seksjonsleiar Eirik Askerød	<b>LIBRA FORVALTING</b> Seksjonsleiar Harald Breyholtz	<b>TILGANGSBHANDLING</b> Seksjonsleiar Jens Vårne	<b>DATAKOMMUNIKASJON</b> Seksjonsleiar Andreas Espelid	<b>DATAKOMMUNIKASJON</b> Seksjonsleiar Andreas Espelid
	<b>TESTSENTER</b> Seksjonsleiar Bente Sallnes			<b>TELE OG SIGNAL</b> Seksjonsleiar John Arne Lillestøl	<b>TELE OG SIGNAL</b> Seksjonsleiar John Arne Lillestøl
	<b>TEKNISK PROSJEKTLEIING</b> Seksjonsleiar Pål Gaute Sætre			<b>IKT-UTSTYR</b> Seksjonsleiar Jarle Simonsen	<b>IKT-UTSTYR</b> Seksjonsleiar Jarle Simonsen
				<b>IKT-SIKKERHET</b> Seksjonsleiar Lars Erik Baugstøp-Hartvigsen	<b>IKT-SIKKERHET</b> Seksjonsleiar Lars Erik Baugstøp-Hartvigsen

\* Leinga sin representant for miljøstyring



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



# ÅRSBERETNING

## FERD - NY FELLES RADIOLOGILØYSING I HELSE VEST


*2019 var eit viktig år for FERD-prosjektet. Prosjektet tok sitt siste skritt for å få heile Helse Vest over på ny felles radiologiløysing. Med det er løysingane frå Carestream, Siemens og AGFA historie for Helse Vest.*

10. desember 2018 tok Helse Førde i bruk den nye radiologiløysinga. Det påfølgjande året gjekk det fort i svingane for FERD-prosjektet. Helse Fonna rulla ut ny felles radiologiløysing SECTRA RIS/PACS 19. februar 2019, Helse Stavanger 6. mai 2019, og Helse Bergen, som siste føretak, 11. november 2019.

Innføringa av Sectra for Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Betanien var siste skritt for FERD-prosjektet for å få unna fase ein: Konsolidering. Resultatet er eit felles arkiv for bilete innanfor radiologi i Helse Vest.

Arbeidet med innføringa har gått etter planen, og erfaringar frå dei tre andre føretaka gjorde at innføringa gjekk spesielt knirkefritt i Helse Bergen, kor det var utelukkande positive tilbakemeldingar frå dei tilsette.

Den nye radiologiløysinga til SECTRA har samla alle føretaka under same programvare, versjon, og ikkje minst support. Alle føretaka er no i stand til å dele bilete, utan å måtte sende i ulike format og fasongar til kvarandre.



## ALLE MØTER - INNSJEKK OG BETALING I HELSE STAVANGER

*Den nye løysinga for elektronisk registrering og betaling var på plass ved Stavanger universitetssjukehus (SUS) i mai 2019.*

Frå 21. mai 2019 kunne pasientar ved seks utvalde poliklinikkar ved SUS registrere seg elektronisk når dei kom til timen på sjukehuset - anten via mobil eller på automat i velkomstområdet.

### FYRST UTE MED MOBIL LØYSING

Sjølv om SUS ikkje var fyrst ute i Noreg med å ta i bruk elektronisk frammmøtere registrering via automat, er dei førebels einaste som har moglegheit til å gjere alt på mobil, noko som gjer det mykje enklare for pasientane.

For dei som ikkje ønskjer å registrere seg på mobil, kan dei nytte seg av automatane som er plassert i velkomstområda. Det er kort avstand til pasientinformasjonen, slik at pasientane som treng hjelp skal få dette.



Ein av fordelane med den nye måten å registrere frammmøte på, er at SUS sikrar pasientens anonymitet på ein betre måte enn tidlegare. No får pasientane nemleg ei tekstmelding når behandlar er klar, slik at dei slepp å bli ropt opp i ventesonen, noko som òg betyr avlastning for helsesekretærar.

### BETALE VIA VIPPS

I tillegg til å registrere seg elektronisk kan pasientane ved dei seks poliklinikkane i Stavanger dra heim rett etter timen og betale timen via Vipps heime. Om dei ikkje ønskjer dette kan dei betale med kort i automaten i velkomstområdet før dei drar heim. Dersom sjukehuset ikkje tek i mot, vert det sendt faktura/e-faktura til pasienten.

Pasientar som skal ta blodsprøver kan òg registrere seg på egne automatar, men har førebels ikkje moglegheit til å betale elektronisk.



## ALLE MØTER - STORD HAR FÅTT DIGITALE SENGEPOSTTAVLER

*Alle sengepostane på Stord Sjukehus fekk i oktober 2019 «touch»-skjermer med oversiktlige pasientlister. Betre flyt i dei daglege arbeidsprosessane og betre planlegging av arbeidskvardagen for personalet er resultatet.*

Tysdag 15. oktober 2019 var fyrste sengepost på Stord Sjukehus i gang med Imatis-skjermene, og resten av sengepostane fekk opp skjermene etter tur same månad. No er informasjon om innlagte pasientar berre eit fingertrykk unna.



Systemet Imatis sine digitale tavler bidreg til gode pasientforløp og auka pasientsikkerheit på tvers av fleire fagområde.

På «touch»-skjermene får helsepersonell tilgang til opplysningar som pasientnamn, rom og sengenummer, risikofaktorar, planlagde timar, anten det er på poliklinikk eller hos fysioterapeut, slik at helsepersonell får god oversikt over kva som har skjedd med kvar pasient frå innleggingstidspunkt til utskrivning.

### BETRE OVERSIKT

Dei digitale sengeposttavlene vil gje både lege, sjukepleiar, reinhaldarar, bioingeniørar og portørar oversikt i sanntid over blant anna smitte, trygg pleie, planlagde aktivitetar for pasienten, status på rom og informasjon om kven som har ansvar for den enkelte pasient.

Digitale sengeposttavler er eit verktøy i arbeidskvardagen som gjer det mykje enklare for helsepersonell å planleggje dagen, ved at ein enkelt kan sjå kva som er gjort og kva som må gjerast.

## MEONA – ELEKTRONISK KURVE PÅ Plass I HELSE STAVANGER

*Tysdag 26. november 2019 fekk Intensivavdelinga i Helse Stavanger på plass det elektroniske kurvesystemet Meona.*

Intensivavdelinga ved Stavanger Universitetssjukehus køyrer no Meona-kurve, og kan seie farvel til papirkurvane. I tillegg vert data frå medisin-teknisk utstyr mata direkte inn i den elektroniske kurva.

Det går no ein raud tråd i gjennom pasientforløpet på Intensiv på SUS - frå pasienten kjem inn, kor prejournal er godt synleg, gjennom behandlingstiltaka som er iverksett under opphaldet, fram til pasienten er på Intensiv avdeling. Behandlingstiltak på intensiv vert dokumentert fortløpande, noko som er viktig for pasientsikkerheita.

### GOD OPPLÆRING

Helse Vest IKT og Meona har vore til stades med opplærings- og konfigurasjonskompetanse den første veka. Det var godt motteke av lokal leing og superbrukarar, og gjorde at ein kjapt kunne følgje opp spørsmål og gjere konfigurasjonsendringar ved behov.

Denne typen tverrfagleg samarbeid er ein suksessfaktor under oppstart i komplekse avdelingar, og er til stor nytte for alle involverte.

Samarbeidet mellom Helse Vest IKT, lokalt prosjektkontor, Avdeling for medisinsk teknologi og informatikk (MTI) og kliniskarar frå Intensivavdelinga har vore godt. Dette medverka til at oppstarten med heile Intensivavdelinga i Helse Stavanger vart gjennomført utan større problem.

Frå før er intensivkurva teke i bruk i Helse Førde, Helse Fonna og ein pilot med to senger i Helse Bergen.





## LIBRA – FELLES SYSTEM OG ARBEIDSPROSESSAR I HELSE VEST

*Første versjonen av LIBRA Produksjon vart innført for rekneskap og budsjett i alle føretaka 1. april 2019. Dei neste månadane tok Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Vest RHF i bruk IT-løysinga for bestilling og vareforsyning.*

2019 var året der dei fyrste føretaka tok i bruk LIBRA-Produksjon (SAP S4/HANA), eit moderne felles IT-system som skal nyttast innan logistikk (lagerstyring av varer), innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffingar. Innføringa av løysinga skjer gjennom Helse Vest-programmet LIBRA.

Kort sagt er LIBRA nye felles arbeidsprosessar og ny IKT-løysing for støttetjenestene, som skal erstatte gamle og utdaterte system. Støttetjenestene det gjeld for er rekvirent, innkjøpar, rekneskapsmedarbeidarar, linjeleiarar, lager og forsyning og controllarar. Medarbeidarane som arbeider med dette må lære seg prosedyrar på nytt som følgje av innføringa.

### SAME SYSTEM, SAME ARBEIDSPROSESSAR

I tillegg til at dagens IKT-system er gamle og utdaterte, finst det òg mange forskjellige system som vert nytta om kvarandre. 2019 var året der ein fekk eitt felles system for heile regionen. SAP S/4 HANA er namnet på IT-systemet som skal støtte dei nye arbeidsprosessane i LIBRA, og Helse Vest er den fyrste i landet til å ta i bruk dette systemet i så stor skala.



Med LIBRA går Helse Vest frå mange system til eitt nytt og felles system, og frå mange måtar å gjere ting på til ein felles måte. Med systemet følger òg nye og felles arbeidsprosessar som skal sikre at det blir god arbeidsflyt, og sikre at vi gjer ting riktig og slepp å bruka tid og ressursar på å rette feil og gjere ting om igjen.

Systemet gjer at vi kan innfri krav til sporing av varer og materiell, og at dei som arbeider med pasientbehandling kan bruke mindre tid enn før på å bestille og leite etter varer.

### HELSE STAVANGER FYRST UT I REGIONEN

Rekneskap var det fyrste området som skulle takast i bruk i LIBRA-programmet, og vart innført i alle føretaka i Helse Vest 1. april 2019.

27. mai 2019 vart logistikkdelen av programmet innført for fyrste gang i Helse Vest, altså lager og innkjøpsdelen. Her var det Helse Stavanger som var fyrst ut.

1. desember 2019 var det Helse Fonna og Helse Vest RHF sin tur til å ta i bruk IKT-løysinga for lager og innkjøp. I løpet av dei neste åra kjem resten av føretaka i Helse Vest med på desse områda.

Mange medarbeidarar og leiarar har fått større eller mindre delar av arbeidskvardagen sin endra som følgje av innføringa av LIBRA. Som fyrste føretak ut fekk Helse Stavanger ein god del utfordringar med det nye systemet. Dei fekk mellom anna vanskar med å sjå kor bestillingar hamna til godkjenning, noko som har ført til stort etterslep på utbetaling av fakturaer i systemet. Helse Stavanger har «tatt ein for laget» og med dette lagt grunnlaget for heile Helse Vest med si LIBRA-innføring.

## PLATTFORMLØFTET

*Etter nærmare tre år med forarbeid og utrulling av Windows 10 kom prosjekt Plattformløftet i mål som eit mønsterprosjekt som leverte på både tid, kost og kvalitet.*

Helse Vest har hatt Windows 7 som sitt gjeldande operativsystem sidan 2012. Då det vart kjent at Microsoft skulle avslutte støtta til Windows 7 i januar 2020 begynte Helse Vest IKT planlegginga med overgangen til Windows 10. Etter tre år med planlegging og utrulling har prosjektet no kome i mål.

Totalt har prosjektet rulla ut Windows 10 til over 25 000 PC-ar, for om lag 30 000 brukarar. Når prosjektet vart avslutta hausten 2019 var det berre 450 PC-ar igjen med Windows 7. Desse har det av ulike årsaker ikkje vore mogleg å oppdatere.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:

F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038





I 2015 kom Helse Vest IKT på banen då det var midlar på plass. I 2019 gjekk systemet gjennom ei omfattande endring i strukturen, og Helse Vest IKT har lagt om koden til eit kodespråk dei kjenner til. Det er no Helse Vest IKT som driftar systemet.

### RISIKO FOR FEIL REDUSERT

Risikoen for feil er kraftig redusert gjennom bruken av SpecBase. Programmet overvaker analysemaskinane på ein annan måte enn før, og kan fort sjå om det er noko som ikkje stemmer. På denne måten kan Hormonlaboratoriet drive med preventivt vedlikehald og slepp nedetid på analysemaskinane.

Hormonlaboratoriet hadde ikkje klart å ha så mange metodar og instrument operative med det kvalitetsnivået dei har i dag utan programmet, og samarbeidet med Helse Vest IKT. Dei sparer halvanna til to årsverk ved å ha denne løysinga som hjelpemiddel i dag.



### NY SEKSJON I HELSE VEST IKT: IKT-SIKKERHEIT

*Den 1. oktober 2019 fekk Helse Vest IKT ein eigen seksjon for IKT-sikkerheit. Seksjonen ligg under Tenesteproduksjon og skal arbeide med å hindre sikkerheitsbrot i Helse Vest.*

Helse Vest IKT har lenge arbeidd aktivt med IKT-sikkerheit og etter kvart har det samla seg eit eiga sikkerheitsteam, organisert i staben til avdelingsleiar for Tenesteproduksjon. Sikkerheitsteamet har blitt leia av IKT-sikkerheitsleiar, som no òg vert seksjonsleiar for den nye seksjonen.

Behovet for å synleggjere sikkerheitsfunksjonen har vore ei av dei viktigaste årsakene til opprettinga av den nye seksjonen. Samstundes har ein hatt behov for meir kapasitet innan sikkerheitsområde. Dei siste åra har det vore fleire inntrengingsforsøk som har skapt meirkostnadar. IKT-sikkerheit har dermed blitt eit fagfelt som må styrkast og løftast fram.

Tidlegare var det fire tilsette som arbeidde med IKT-sikkerheit i Helse Vest IKT. Med opprettinga av den nye seksjonen har talet auka til åtte. Desse skal mellom anna arbeide med risikoanalysar i Helse Vest IKT. Sjølv om fagfeltet er organisert som ein eigen seksjon vil dei framleis støtte resten av organisasjonen i spørsmål om IKT-sikkerheit.



## REKNESKAPSRESULTAT

*Rekneskapsmessig resultat for 2019 var eit overskot på 8,4 mill. kr. Resultatet er 7,4 mill. kr over budsjett, og betre enn forventa.*

Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2019 viser eit overskot på 41,2 mill. kr.

Dei totale inntektene var 1 152,2 mill. kr. Av desse var 1 045,5 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 26,2 mill. kr sal av IKT-utstyr, 44,4 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 36,1 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til tilskot frå Helse Vest RHF).

Totale driftskostnadar var 1 131,6 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 22,9 mill. kr, personalkostnadar 354,2 mill. kr, avskrivningar 259,8 mill. kr og andre driftskostnadar 494,5 mill. kr. Med netto finanskostnadar på 12,2 mill. kr gjev dette årsresultatet på 8,4 mill. kr.

### BALANSE

Totalkapitalen per 31.12.2019 var 1 697,9 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 82,5 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 192,5 mill. kr og utgjorde dermed 11,3 %.

### FINANSIELL STILLING

Likviditetsbeholdning var 51,3 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2019.

### OM MILJØ

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2019 på 5,0%, noko høgare enn i 2018 på 4,6 %, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

### YTRE MILJØ

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig attvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av elektroniske møter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet er sertifisert etter ISO 14001:2015, og revisjon frå Kiwa vart gjennomført i januar 2020.

### EIGARTILHØVE

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2019 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

### LIKESTILLING

43% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 36 % kvinner i styret samla sett. 30 % av leinga (inkl. stabsleiarar) er kvinner, 17 % av avdelingsleiarane er kvinner, 33 % av seksjonsleiarane er kvinner.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha bredde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

### DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

Årsresultatet for 2019 var eit overskot på kr 8 437 352. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

### UTSIKTER FRAMOVER

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen som er vedteken i Helse Vest.





Ved inngangen til 2020 er spesialisthelsetenesta prega av førebuing- og beredskapsarbeidet knytt til korona. Ein må forvente eit stort press på tenestene i sjukehusa gjennom 2020 som følgje av dette. Det har prioritet å til ei kvar tid gi pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning og utstyr og det å leggje til rette for god drift, også i denne krevjande situasjonen. God samhandling med andre deler av tenesta og myndigheitene er ein føresetnad. Styret følgjer utviklinga tett og kontinuerleg. Helseføretaka er finansiert av staten og ekstrakostnadar i samband med korona blir kartlagt løpande. Spørsmål om ekstra finansiering vil kunne bli eit tema i dialogen med staten seinare. Styret meiner at dette forholdet ikkje er eit problem i høve til ein føresetnad om vidare drift.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

**STAVANGER, 19.03.2020**  
**STYRET FOR HELSE VEST IKT**

Herlof Nilssen  
styreleder

Arve Varden  
styremedlem

Lars Erik Baugstø-Hartvigsen  
styremedlem

Olav Klausen  
styremedlem

Beate Sander Krogstad  
styremedlem

Clara Gram Gjesdal  
styremedlem

Eivind Gjemdal  
styremedlem

Ørjan Midttun  
styremedlem

Stian Hoell  
styremedlem

Tor Albert Ersdal  
styremedlem

Agnete Sjøtun  
styremedlem

Erik M. Hansen  
administrerande direktør



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

# RESULTATREKNESKAP 2019

<i>Alle tall i 1000 NOK</i>	Note	2019	2018
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Basisramme	2	14 957	15 857
Anna driftsinntekt	2	1 137 251	1 048 519
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2</b>	<b>1 152 208</b>	<b>1 064 376</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		22 933	25 994
Lønn og andre personalkostnader	3	354 234	320 739
Ordinære avskrivningar	6	259 846	247 462
Andre driftskostnader	4,6	494 537	468 537
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 131 550</b>	<b>1 062 732</b>
<b>Resultat frå drifta</b>		<b>20 658</b>	<b>1 644</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	5	1 718	845
Andre finanskostnader	5	13 939	7 700
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-12 221</b>	<b>-6 856</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>8 437</b>	<b>-5 211</b>
<b>Resultat for året</b>		<b>8 437</b>	<b>-5 211</b>
<b>Overføringer</b>			
Overført annan eigenkapital	11	8 437	-5 211
<b>Sum overføringer</b>		<b>8 437</b>	<b>-5 211</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



# BALANSEREKNESKAP 2019

## EIGEDLAR

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2019	2018
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle driftsmidler</b>			
Lisensar og programvare	6	1 114 095	944 764
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 114 095</b>	<b>944 764</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	6	249 853	228 861
Anlegg under utføring	6	31 989	42 731
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>281 842</b>	<b>271 593</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i andre aksjar og partar	7	4 452	3 733
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>4 452</b>	<b>3 733</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1 400 388</b>	<b>1 220 090</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	8	2 678	6 582
Krav	9,17	243 578	150 649
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	51 262	69 494
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>297 518</b>	<b>226 724</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>1 697 907</b>	<b>1 446 814</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

## EIGENKAPITAL OG GJELD

Alle tall i 1000 NOK

	Note	2019	2018
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>151 319</b>	<b>151 319</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	11	41 160	32 722
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>41 160</b>	<b>32 722</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>11</b>	<b>192 478</b>	<b>184 041</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsettingar for forpliktingar</b>			
Pensjonsforpliktingar	12	81 389	76 935
Andre avsettingar for forpliktingar	13	9 821	17 851
<b>Sum avsettingar for forpliktingar</b>		<b>91 210</b>	<b>94 786</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig gjeld til føretak i same konsern	14,17	1 161 855	979 164
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>1 161 855</b>	<b>979 164</b>
<b>Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld</b>		<b>1 253 065</b>	<b>1 073 951</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldige offentlege avgifter		31 031	28 577
Anna kortsiktig gjeld	15,17	221 333	160 245
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>252 364</b>	<b>188 822</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 505 428</b>	<b>1 262 773</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 697 907</b>	<b>1 446 814</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

**STAVANGER, 19.03.2020**  
**STYRET FOR HELSE VEST IKT**

Herlof Nilssen  
styreleder

Arve Varden  
styremedlem

Lars Erik Baugstø-Hartvigsen  
styremedlem

Olav Klausen  
styremedlem

Beate Sander Krogstad  
styremedlem

Clara Gram Gjesdal  
styremedlem

Eivind Gjerdal  
styremedlem

Ørjan Midttun  
styremedlem

Stian Hoell  
styremedlem

Tor Albert Ersdal  
styremedlem

Agnete Sjøtun  
styremedlem

Erik M. Hansen  
administrerende direktør



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



# KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING 2019

Alle tall i 1000 NOK

	2019	2018
<b>Kontantstråumar frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Årsresultat	8 437	-5 211
Ordinære avskrivningar	259 846	247 462
Endring i omløpsmidlar	-89 026	42 270
Endring i kortsiktig gjeld	63 542	-27 482
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	4 454	7 673
Inntektsført investeringstilskott	-8 031	-8 031
<b>Netto kontantstråum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>239 223</b>	<b>256 681</b>
<b>Kontantstråum frå investeringsaktivitetar</b>		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-439 426	-404 651
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-718	-706
<b>Netto kontantstråum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-440 145</b>	<b>-405 357</b>
<b>Kontantstråumar frå finansieringsaktivitetar</b>		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	185 000	155 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
<b>Netto kontantstråum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>182 691</b>	<b>152 691</b>
Netto endring i likviditet	-18 231	4 015
Likvide midlar 01.01	69 494	65 479
<b>Likvide midlar 31.12</b>	<b>51 262</b>	<b>69 494</b>
<b>Likviditetsreserve 31.12</b>	<b>51 262</b>	<b>69 494</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

## NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

### GENERELT OM REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2019 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gjeve av eigar.

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskott.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

### KONSOLIDERING

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eigen konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på førespurnad ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

### GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP - VURDERING OG KLASSIFISERING

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar rekneskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

### PRINSIPP FOR INNTEKTSFØRING

#### RAMMETILSKOT

Rammetilskott frå Helse Vest vert inntektsført i det året tilskottet er gitt for.

#### ANDRE INNTEKTER

Øyremerka tilskott vert inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskott til investeringar vert inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskott og rekneskapsførast etter reglane for øyremerka tilskott.

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsførte i den perioden dei vert utførte.

#### KOSTNADSFØRINGSTIDSPUNKT SAMANSTILLING

Utgifter vert samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

#### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig vert balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Nedskrivninga vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

#### IMMATERIELLE EIGEDELAR

Utgifter til forsking og utvikling er kostnadsførte, då samanhangen mellom utgifter til forsking og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklare. I særskilde høve vil eiga forsking og utvikling kunne medføre at det vert framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, vert slik forsking og utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld



i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventta økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen vert teken i bruk.

#### **VARIGE DRIFTSMIDLAR**

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidlar avskrivast hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane vert teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finst indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, vert driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Påkostnadar eller betringar vert lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar vert kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar vert vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnadar.

#### **EIGENKAPITALINNSKOT I KLP**

Eigenkapitalinnskot i KLP er separate finansielle eigedelar og vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

#### **PENSJONAR**

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnadar. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnadar frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnadar og pensjonsforpliktingar vert utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar vert fordelte over pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Pårekna gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnadar, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventta avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventta avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som kjem fram i balansen. Estimattendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimattendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

#### **VARELAGER**

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekneleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.





## KRAV

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetting for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetting for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

## UVISSE FORPLIKTINGAR

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, vert det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

## SEGMENT

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det vert presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

## KONSERNKONTOORDNING

Det er etablert konsernkontoordning i SR-bank. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

## VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

## ENDRINGAR I REKNEKAPSPRINSIPP OG FEIL

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare årsrekneskap vert førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

## SAMANLIKNINGSTAL FOR FØRRE ÅRET

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

## SKATT

Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:

F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

**NOTE2 DRIFTSINNTEKTER**

<i>Heile 1000 kroner</i>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Tenestosal helseføretaka	1 045 522	949 854
IKT-utstyr	26 151	28 049
Tenestosal eksterne	44 395	55 814
Anna	36 140	30 659
<b>Sum</b>	<b>1 152 208</b>	<b>1 064 376</b>

**NOTE3 LØNN OG ANDRE GODTGJERSLER**

<i>Heile 1000 kroner</i>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Lønnskostnadar	340 871	309 316
Arbeidsgivaravgift	48 384	43 478
Pensjonskostnadar inkl. arbeidsgivaravgift	59 890	56 469
Andre ytingar	6 982	7 199
- Balanseførte lønnskostnadar egne tilsette	-101 893	-95 722
<b>Sum lønn og personalkostnadar</b>	<b>354 234</b>	<b>320 739</b>
Gjennomsnittleg tal på tilsette	580	542
Gjennomsnittleg tal på årsverk	570	535
	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Godtgjersle til styret	570	585



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

Godtgjersle til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styrehonorar	Lønn	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode	Honorar/lønn	Anna godtgjersle
Nilssen, Herlof	Styreleiar	0	0	0	0	01-12	2 482	22
Gjemdal, Eivind	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
Klausen, Olav	Styre-medlem	0	0	0	0	01-12	1 788	5
Bryne, Inger Cathrine	Styre-medlem	0	0	0	0	01-12	1 879	6
Gjesdal, Clara Gram	Styre-medlem	0	0	0	0	01-12	1 520	5
Krogstad, Beate Sander	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
Varden, Arve	Styre-medlem	0	0	0	0	01-12	1701	12
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
Sjøtun, Agnete	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
Midttun, Ørjan	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
Hoell, Stian	Styre-medlem	95	0	0	95	01-12		
<b>Sum</b>		<b>570</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>570</b>		<b>9 370</b>	<b>50</b>

Heile 1000 kroner

Fastsetting av styregodtgjering er gjort i generalforsamling 21.06.2019.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til styreleiar eller andre medlemmer av styret i Helse Vest IKT AS.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2016	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	1 079	253	5	1 377	01-12		
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	990	174	5	1 169	01-12		
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	1 056	276	5	1 338	01-12		
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	1 055	184	124	1 363	01-12		
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	1 041	246	8	1 295	01-12		
Hansen, Erik M.	Adm.dir	1 647	248	8	1 904	01-12		
Nordland, Leif	Økonomi og HR sjef	1 107	281	6	1 394	01-12		
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	928	259	8	1 194	01-12		

Heile 1000 kroner

1) Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til administrerande direktør eller andre i leiargruppa i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

#### ERKLÆRING OM FASTSETJING AV LØNN OG GODTGJERSLE

Helse Vest IKT AS definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar og økonomi- og HR sjef som leiande personell.

Helse Vest IKT AS følgjer «Retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap med statleg eiarandel», kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaka skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarende føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

#### UTGREIING LEIARLØNNSPOLITIKKEN I 2019

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 100/19, 13.12.2019. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

#### LØNN TIL MEDLEM I LEIARGRUPPA BLEI I 2019 JUSTERT SLIK:

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	1 036	1 069	3,2%
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	951	981	3,2%
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	1 015	1 047	3,2%
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	1 000	1 035	3,5%
Granerud, Geir	Avdelingsleiar	1 000	1 032	3,2%
Hansen, Erik M.	Adm.dir	1 580	1 631	3,2%
Nordland, Leif	Økonomi og HR sjef	1 064	1 098	3,2%
Råheim, Vidar	Avdelingsleiar	890	920	3,4%

Heile 1000 kroner



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogelighet for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2019 for administrerande direktør og for avdelingsleiarane.

### RETNINGSLINER FOR 2019

Til grunn for Helse Vest IKT sine retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap, fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet med verknad frå 13.2.2015. Retningslinene erstattar retningslinene fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011. Hovudprinsippet om at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande er vidareført. Staten som eigar har lagt vekt på at det skal vera moderasjon. Retningslinene har ikkje tilbakeverkande kraft. Eigar v/Helse- og omsorgsdepartementet presiserer at retningslinene skal følgjast, og at styret og administrerande direktør ikkje har høve til å inngå avtaler utover retningslinenes rammer.

#### Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterium leggast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsete-nesta er avslutta.

Lønnsjusteringane gjeld frå 1. januar 2019 for administrerande direktør og leiargruppa.

#### Naturalytingar

Ytingane vert vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtaler
- Eventuelt avisabonnement

#### Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentlig tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

#### Sluttvederlag

Ved fastsetting av sluttvederlag gjeld følgjande prinsipp:

- Det kan ikkje avtalast sluttavtale for andre leiande tilsette enn administrerande direktør. Avtale om sluttvederlag krev at administrerande direktør fråskriv seg fastsetjing om oppseiingsvern i arbeidsmiljølova. Sluttvederlag skal ikkje nyttast når leiaren har teke initiativ til oppseiinga.
- For andre leiande tilsette kan det avtalast forhandsavtale om rimeleg sluttvederlag som får verknad dersom leiande tilsett ikkje motseier seg oppseiinga. Slik avtale kan inngåast i tilknytning til oppseiinga.
- Sluttvederlag og lønn i oppseiingstida skal i sum ikkje overstige 12 månadar og til frådrag i sluttvederlaget kjem andre inntekter oppent i perioden.

#### Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det vert ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Vest IKT AS.

#### Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

### GODTGJERSLE TIL REVISOR

Heile 1000 kroner

Revisjon etter lova

Utvida revisjon

2019

175

13

188

2018

140

22

162

**Sum honorar til revisor**

**Honorar til revisor i høve til inngått avtale:**

175

140

Honorar er oppgitt eksklusive meirverdiavgift.



#### NOTE4 ANDRE DRIFTSKOSTNADAR

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	35 893	36 064
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	12 408	10 597
Reparasjon, vedlikehald og service	9 537	20 346
Konsulenttenester	52 088	54 200
Anna ekstern teneste	24 498	24 212
Kontor- og kommunikasjonskostnader	38 207	36 303
Kostnader i samband med transportmiddel	126	261
Reisekostnader	11 741	10 510
Forsikringskostnader	327	278
Andre driftskostnader	309 713	275 767
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>494 537</b>	<b>468 537</b>

#### NOTE5 FINANSPOSTER

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Andre renteinntekter	1 621	780
Andre finansinntekter	97	64
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>1 718</b>	<b>845</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	13 678	7 639
Andre rentekostnader	40	10
Andre finanskostnader	222	51
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>13 939</b>	<b>7700</b>

#### NOTE6 IMMATERIELLE EIGEDLAR OG VARIGE DRIFTSMIDLAR

##### IMMATERIELLE EIGEDLAR

Heile 1000 kroner

		Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		1 508 545	412 928	1 921 473
Tilgang		307 182	20 884	328 066
Tilgang verksemdsoverdraging				
Avgang		-128 241		-128 241
Frå prosjekt under utvikling				
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>0</b>	<b>1 687 486</b>	<b>433 812</b>	<b>2 121 298</b>
Akkumulerte avskrivningar		1 007 203		1 007 203
Akkumulerte nedskrivningar				
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>0</b>	<b>680 283</b>	<b>433 812</b>	<b>1 114 095</b>
Ordinære avskrivningar i året		148 441		148 441
Ordinære nedskrivningar				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		lineær		



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038



**VARIGE DRIFTSMIDLAR***Heile 1000 kroner*

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
<b>Kostpris 01.01</b>			42 731		513 373	556 104
Tilgang i året					122 102	122 102
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året			-10 742		-135 550	-146 292
Frå anlegg til utføring						
<b>Kostpris 31.12</b>			<b>31 989</b>		<b>499 925</b>	<b>531 914</b>
Akk. avskrivningar 31.12					250 072	250 072
Akk. nedskrivningar 31.12						
<b>Balanseført verdi 31.12</b>			<b>31 989</b>		<b>249 853</b>	<b>281 842</b>
Ordinære avskrivningar i året					111 405	111 405
Nedskrivningar i året						
Balanseførte lånekostnader						
Levetider					4 - 7 år	
Avskrivningsplan					lineær	

**LEIGEAVTALER***Heile 1000 kroner*

Leigebeløp		31 388			1 104	32 492
------------	--	--------	--	--	-------	--------

**NOTE7 INVESTERINGAR I AKSJAR OG PARTAR***Heile 1000 kroner*

	2019	2018
Eigenkapitalinnskot i KLP	4 452	3 733
<b>Sum investeringar i andre aksjar og partar</b>	<b>4 452</b>	<b>3 733</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet verte betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

**NOTE8 VARELAGER***Heile 1000 kroner*

	2019	2018
<b>Varer for vidareasal:</b>		
<b>Handelsvarer</b>	<b>2 678</b>	<b>6 582</b>
<b>Sum varer for vidareasal</b>	<b>2 678</b>	<b>6 582</b>
<b>Sum varelager</b>	<b>2 678</b>	<b>6 582</b>
<b>Kostpris lager</b>	<b>2 678</b>	<b>6 582</b>
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>2 678</b>	<b>6 582</b>



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

## NOTE 9 KUNDEKRAV OG ANDRE KRAV

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Kundekrav	10 504	8 909
Krav på føretak i føretaksgruppa	150 781	81 255
Oppsamla inntekter	361	4 022
Andre kortsiktige krav	81 933	56 462
<b>Sum krav</b>	<b>243 578</b>	<b>150 649</b>

Kundekrav har følgande fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalne til betaling	7442	7 416
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	593	-396
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	871	1 166
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	38	722
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	1 560	
<b>Kundekrav pålydande per 31.12.</b>	<b>10 504</b>	<b>8 909</b>

## NOTE 10 KONTANTAR OG BANKINNSKOT

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Skattetrekksmidler	15 139	14 236
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>15 139</b>	<b>14 236</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	36 124	55 257
<b>Sum kontantar og bankinnskot</b>	<b>51 262</b>	<b>69 494</b>

## NOTE 11 EIGENKAPITAL

Heile 1000 kroner

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
<b>Eigenkapital 31.12. i fjor</b>	<b>1000</b>	<b>150 319</b>		<b>32 722</b>	<b>184 041</b>
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
<b>Eigenkapital 01.01. i år</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>0</b>	<b>32 722</b>	<b>184 041</b>
Eigenkapitalstransaksjonar					
Resultat dette året				8 437	8 437
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>1 000</b>	<b>150 319</b>	<b>0</b>	<b>41 160</b>	<b>192 478</b>

Eigenkapitalen er 1 part lydande kr 1 000 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

### STYRINGSMÅL FRÅ EIGAR

Heile 1000 kroner

	2019	2018	2002-2019
Årsresultat	8 437	-5 211	39 818
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			1 373
<b>Korrigert resultat</b>	<b>8 437</b>	<b>-5 211</b>	<b>41 191</b>
Pensjonskostnadar det er teke omsyn til i resultatkravet			
<b>Resultat jf. økonomiske krav</b>	<b>8 437</b>	<b>-5 211</b>	<b>41 191</b>
Resultatkrav	1 000	1 000	23 114
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>7 437</b>	<b>-6 211</b>	<b>18 077</b>



**NOTE 12 PENSJONSFORPLIKTING**

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Oppsamla pensjonsforplikting	392 492	359 137
Pensjonsmidlar	332 222	268 512
<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>-60 270</b>	<b>-90 625</b>
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-8 359	-12 570
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	- 12 759	26 260
<b>Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>-81 389</b>	<b>-76 935</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.</b>	<b>-81 389</b>	<b>-76 935</b>
Av pensjonsmidlar utgjør premiefond	13 541	9 375
<b>SPESIFIKASJON AV PENSJONSKOSTNAD</b>		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	52 099	48 824
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	10 629	8 558
<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>62 727</b>	<b>57 382</b>
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-12 438	-10 165
Administrasjonskostnadar	2 093	2 109
<b>Netto pensjonskostnad inkl, administrasjonskostnad</b>	<b>52 382</b>	<b>49 326</b>
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	7 265	6 841
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	-8	-9
Resultatført planendring	-5	
<b>Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>59 635</b>	<b>56 158</b>
Andre pensjonskostnadar*	255	311
<b>Sum pensjonskostnadar</b>	<b>59 890</b>	<b>56 469</b>
<b>ØKONOMISKE FØRESETNADAR</b>		
Diskonteringsrente	2.30	2.60
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	3.80	4.30
Årleg vekst i lønn	2.25	2.75
Årleg pensjonsregulering	1.24	1.73
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2.00	2.50
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	569	545
Talet på oppsette personar med i ordninga	297	274
Talet på pensjonistar med i ordninga	64	52
<b>SPESIFIKASJON AV PREMIEFOND</b>		
Saldo 1.1.	9 375	7 306
Tilført premiefond	6 193	4 858
Uttak fra premiefond	-2 027	-2 789
<b>Saldo per 31.12.</b>	<b>13 541</b>	<b>9 375</b>

\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnadar som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
F4FB054A7A6F46F9BE9D1992997C8038

## PENSJONSORDNINGA

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødte før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødte frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følgjer norsk rekneskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlege helseføretak i KLP inngår i ein fleirføretakspensjon. Sidan offentleg AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

## REGELVERKSENDINGAR I OFFENTLEG TENESTEPENSJON

Partane i arbeidslivet vart einige om ny offentleg tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentleg sektor. Regnskapsstiftelsen gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentleg tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane for 2019.

Sidan endeleg vedtak om ny offentleg AFP ikkje føreligg, angir rettleiaren at ein også for årskulla 1963 og yngre reknar forpliktinga etter dagens AFP-ordning. Det er lagt til grunn same føresetnadar om uttak av AFP som tidlegare år. For arbeidstakarar i sjukepleiarordninga og fellesordninga føreset ein at 36 % av dei med aldersgrense 65 år tek ut AFP ved 62 år og at 42,5 % av dei med aldersgrense 70 år tek ut AFP ved 62 år. For sjukehuslegar antek ein at 15 % tek ut AFP ved 63 år.

## FØRESETNADAR FOR BEREKNINGANE

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2019 følgjer siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2020. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2019. Beste estimat midlar er basert avkastning i KLP/SPK for 2019.

### DEMOGRAFISKE FØRESETNADAR:

Nytta tabell over dødelegheit	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>
Nytta tabell for uførefrekvens	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP etter erfaring	KU2020	K2015BE
	15-42,5%	15-42,5%

### FRIVILLIG AVGANG FOR SJUKEPLEIARAR 81 %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Sjukehusleger og for fellesordninga	25	15	7,5	5	3	0

## KORT OM IKKJE RESULTATFØRTE ESTIMATAVVIK

I samsvar med god rekneskapskikk, nyttar Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande opptenings-tid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga.

## NOTE 13 AVSETTING FOR LANGSIKTIGE FORPLIKTINGAR

Heile 1000 kroner	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Investeringsstilskot **	9 821	17 851
<b>Sum avsetting for forpliktingar</b>	<b>9 821</b>	<b>17 851</b>

Investeringsstilskotet vert ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa.

## NOTE 14 ANNA LANGSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	1 161 855	979 164
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>1 161 855</b>	<b>979 164</b>

Andel gjeld som forfell etter 5 år utgjer 1 150 309





## NOTE 15 ANNA KORTSIKTIG GJELD

Heile 1000 kroner

	2019	2018
Leverandørgjeld	102 511	60 118
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	22 055	11 389
Skuldige feriepengar	38 066	34 863
Skuldig lønn	12 590	12 398
Anna kortsiktig gjeld	46 111	41 477
<b>Sum anna kortsiktig gjeld</b>	<b>221 333</b>	<b>160 245</b>

## NOTE 16 NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående parter kjem fram i denne og andre notar i årsrekneskapan.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 9 og 17. Det mest vesentlege av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2019 utgjorde om lag 1 102 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført ei kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarleg for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtaler ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

## NOTE 17 KRAV OG GJELD MELLOM FØRETAKA I HELSE VEST

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	25 162		17 356	1 171 676
Sjukehusapoteka Vest HF	3 408		5	
Helse Bergen HF	60 190		2 612	
Helse Stavanger HF	35 966		1 011	
Helse Fonna HF	13 752		546	
Helse Førde HF	12 304		525	
Helse Vest IKT AS				
<b>Sum</b>	<b>150 781</b>	<b>0</b>	<b>22 055</b>	<b>1 171 676</b>

